




Hardangerrådet iks

MOTTATT

21 JAN 2015



Hardanger

Til

Samferdselsdepartementet
Att: Jørn Ringlund, avdelingsdirektør
Pb 8010 Dep
0030 OSLO
postmottak@sd.dep.no

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET	
AVD./SEK.:	S.BEH.:
21 JAN 2015	
S.NR.:	SKREVET
ARKIVKODE:	

Kopi:

Norsk Post og Kommunikasjonsforbund
Hardangerkommunane
Vest-Telemarkrådet

Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 15.1.2015

Særutskrift:

Sak 05/15 Ny postlov. Høyringsuttale.

Vedtak:

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 kommunane/herad i Hardanger Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardanger har både byprega område og spreidd bygde område og kjempa for å oppretthalda folketal, arbeidsplassar og eit attraktiv utvikling av regionen i ei tid med aukande sentralisering. Hardanger har kommunar der statlege og fylkeskommunale tilbod stadig vert nedlagde og sentralisert. No også nedbygging av post-tenestene. Hardangerrådet iks ventar på ein aktiv utflyttingspolitikk av statlege arbeidsplassar frå statlege styremakter.

Hardangerrådet samla til møte i Kinsarvik 15.01.2015 har drøfta framlegge til Ny Postlov og gjev slik uttale på vegne av dei 7 kommunane/herada.

Framlegget til ny Postlov gjev dyrare og dårlegare distriktstilbod. Derfor må lovtekstane endrast slik at:

1. Noreg må framleis ha einheitsporto, lik over heile landet.

Einheitsportoeten syter i dag for lik pris på brev i heile landet, og at overskotet fra lønsame område gjev gode og likeverdige posttenester for alle. Dersom marknaden vert liberalisert vil einheitsportoeten bli erstatta med makspris. Dermed får vi ikkje lenger likeverdige tenester til lik pris i heile landet.

2. Stortinget må bestemma Postpolitikken i Noreg.

Postpolitikken må ikkje verta eit byråkratiske departementalt ansvar styrt av sitjande Regjeringar. Dette vert lite forutsigbart og gjev usikre vilkår, særleg for DistriktsNoreg. I Norge har me vært samde om ein politikk som gjer det mogeleg å jobba og bu i heile landet. Liberalisering av postmarknaden rammer distrikta hardt.

Post er nødvendig infrastruktur som gjer det mogeleg for folk og bedrifter i heile landet å handla og å kommunisera med hverandre på like vilkår. Dårlegare og dyrare post-tenester, slik regjeringa har forslått i ny postlov, vil ramma folk og næringsliv i distrikta.

Viss næringslivet vert svekka i distrikta, vert også grunnlaget for busetjing svekka.

Ringverknadane kan verta store. Det vert dårlegare vilkår for alle som ikkje bur og jobbar i sentrale strøk.

3. Det vert postlevering 6 dagar i veke i heile landet. (jf § 7)

Dette må gjelda for all postombering og ikkje berre for aviser. Det må vera eit berande prinsipp i postlova at inngyggjarane i Noreg skal få post alle kvardagar heile året levert til si



Hardangerrådet iks



Hardanger

heimeadresse. Unntaksreglane for dette må ikkje kunna fastsetjast i forskrifter eller i enkeltvedtak i Departement eller Direktorat.

4. Alle fastbuande skal få sin post i tråd med § 19, pkt 1-3.

I tråd med Lagmannsretten sin domsslutning av november 2014 tilkjendt Harald Omnes på vegne av 8 innbyggjarar i Nome i Telemark skal posten fram til alle fastbuande. Unntaksreglane i § 19 må endrast for det kan igjen medføra distriktsulempe for mange innbyggjarar. Spreidd busetnad er ikkje grunnlag for å forhold som skal begrensa leveringsplikta. Her må teksten leggja vekt på om endra plassering av utleveringspostkasse vil bidra til rasjonell postomdeling.

Kinsarvik 16.1.2015

Fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Leiv Vambheim

Dagleg leiar

Hardangerrådet iks signerar digitalt